

STRATEGIPLAN FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I

JORDBRUKET (SMIL)

2024 – 2027



1. Innleiing.....	3
1.1 Verkemiddelapparatet for å nå miljømål for jordbruket er tredelt - nasjonalt, regionalt og på kommunalt nivå	3
1.2 Opplisting av lovgrunnlag som gjeld ved utarbeiding av ny kommunal.....	3
1.3 Like natur- og kulturminneverdiar tilseier samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen.....	4
1.4 Slik gikk vi fram for å lage strategiplanen for Nord-Gudbrandsdalen	4
2. Lokale miljøutfordringar i Nord-Gudbrandsdalen.....	4
2.1 produksjonen i nord-Gudbrandsdalen er tilpassa utmarksressursane	4
2.2 Landskapet er i forandring.....	5
2.3 Eit område kjend for freda og verneverdige bygningar og ferdselsveggar	5
2.4 Utfordringar knytt til driftsopplegg og infrastruktur	6
3. Oversikt over kva som prioriterast i Nord-Gudbrandsdalen.....	6
4. Retningslinjer for smil-midlane i Nord-Gudbrandsdal	7
4.1 Generelle krav	7
A: Krav til søkaren	7
B: Søknadsbehandling	7
C: Søknadsfrist.....	7
D: Krav til kostnadsoverslag, og finansieringsplan	7
E: Bruk av fleire tilskotsordningar	7
F: Satsar for tilskot og tilskotsprosent	7
G: Arbeidsfrist	7
H: Utbetaling og krav til rekneskap	7
I: Andre krav	8
4.2 Spesielle krav til rydding av beite og gjerding	8
Søknad om tilskot til rydding av beite og til gjerding skal innehalde:	8
Utmåling av tilskot:	8
4.3 Spesielle krav til fjerning av piggtråd og gammalt trådgjerde	8
Søknad om tilskot til fjerning av piggtråd og gammalt trådgjerde skal innehalde:.....	8
Utmåling av tilskot.....	9
4.4 Spesielle krav til restaurering av verneverdige bygningar	9
Søknad om tilskot til restaurering av verneverdige bygningar skal innehalde:	9
Utmåling av tilskot:	9
4.5 Spesielle krav til tiltak for å hindre avrenning.....	10
Søknad om tilskot til tiltak for å hindre avrenning skal innehalde:.....	10
Utmåling av tilskot:	10
4.6 Spesielle krav til forureiningstiltak.....	10
Søknad om tilskot til tiltak for å hindre forureining med rundballeplast skal innehalde:.....	10
Utmåling av tilskot:	10

1. INNLEIING

SMIL-ordninga vart innført i 2004. Formålet med SMIL er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanlig jordbruksdrift.

Ordninga er finansiert over jordbruksavtalen. Statsforvaltaren gjer årlege tildelingar ut ifrå ramme og innmeldt behov frå kommunane. Kommunen fattar vedtak om tildeling av tilskot etter mellom anna forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og gjennom rundskriv.

Gjennom ordninga kan det gjevast investeringstilskot til tiltak som i varetek og fremmer natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet (kulturlandskapstiltak) og investeringstiltak som bidrar til å redusere forureining eller risiko for forureining frå jordbruket (forureiningstiltak). Tiltaka må ikkje komme i konflikt med viktige naturverdiar, kulturminne eller reindriftsinteresser.

1.1 VERKEMIDDELAPPARATET FOR Å NÅ MILJØMÅL FOR JORDBRUKET ER TREDELT -

NASJONALT, REGIONALT OG PÅ KOMMUNALT NIVÅ

Nasjonalt miljøprogram gjev ei samla framstilling av miljøarbeidet i jordbruket. Nasjonale mål, strategiar og verkemiddel skal bidra til miljøvennleg matproduksjon i Norge. Dette skal også bidra til at vi når internasjonale mål for miljøet. Jordbruket sitt sektoransvar for miljø blir fylgt opp gjennom verkemiddel på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå, i tillegg til juridiske verkemiddel. Nasjonalt miljøprogram 2023-2026 inneheld mål og verkemiddel for disse miljøområdene:

- kulturlandskap
- kulturminne og kulturmiljø
- biologisk mangfald
- avrenning
- friluftsliv
- plantevern
- utslepp til luft
- økologisk jordbruk

I tillegg til å ha eit nasjonalt miljøprogram så har også regionane eigne miljøprogram. Det ligger i namnet at programmet inneheld mål og strategiar på regionnivå. På grunn av lokale variasjonar og utfordringar skal kommunane også lage egne strategiplanar som også skal leggjast til grunn ved behandling og prioritering av søknadene. I kommunanes strategiplan skal kommunane beskrive miljøutfordringane i sin kommune og på bakgrunn av dette prioritere bruken av SMIL-midlar. Miljøutfordringane som er prioritert i Regionalt miljøprogram skal gå fram av kommunen sine prioriteringar. Ved at kommunane har eigen strategiplan kan midlane på ein god måte målrettast mot lokale og regionale utfordringar og særtrekk.

1.2 OPPLISTING AV LOVGRUNNLAG SOM GJELD VED UTARBEIDING AV NY KOMMUNAL

Lista nedanfor viser grunnlaget for rullering av den kommunale SMIL-strategien:

- ✓ FOR 2004-02-04-448: Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- ✓ Rundskriv 2021 – 18: Kommenterar til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- ✓ Nasjonalt miljøprogram 2023-2026
- ✓ Regionalt miljøprogram (RMP) for Innlandet 2023-2026
- ✓ Strategiplan for Nord-Gudbrandsdal 2020-2023

Kommunen har ansvar for, og høve til, å innvilge midlar til tiltak som fell inn under forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (FOR-2004-02-04-448). I kommentar til forskrifta frå Landbruksdirektoratet er det

retningslinjer for forvaltning av forskrifta. Ordninga skal bidra til at det blir gjennomført miljøtiltak **utover** det ein kan forvente av vanleg jordbruksdrift.

Det er særleg to hovudprinsipp kommunen må ta omsyn til:

1. **SMIL-midla skal brukast på tiltak i jordbrukslandskapet.** Tiltak i utmark fell i hovudsak utanom ordninga. Dette kan til dømes gjelde sperregjerder, rydding av stiger og istandsetting av kulturminne i utmark. Det kan være gråsoner, og til dømes areal som er prega av beite rundt setergrender kan falle innanfor omgrepet jordbrukslandskap.
2. **SMIL-tilskot skal ikkje gjevast til lovpålagte tiltak og andre tiltak som inngår i ordinær jordbruksdrift.** Tiltak som har preg av vedlikehald av areal som er i vanleg drift (søkt produksjonstilskot på) fell utanom ordninga. Til dømes vedlikehald av gjerder, fjerning av gamle gjerder, rydding av areal og ordinær avfalls handtering m.m. Rundskriv 2021-18 seier følgande om bygningstekniske tiltak: "ved vurdering av søknader ... må det i særleg grad skilles mellom vanlig jordbruksdrift og hva som kan betraktes som spesielle miljøtiltak, og som det kan gis tilskudd til etter denne forskriften. Ved oppstart/nyetablering skal alltid nødvendige miljøhensyn ivaretas."

1.3 LIKE NATUR- OG KULTURMINNEVERDIAR TILSEIER SAMARBEID I NORD-GUDBRANDSDALEN

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har ganske lik topografi, mykje lik historie, bygningsmasse, grovfôrbasert husdyrproduksjon og bruk av utmarksressursane. Vi har også i stor grad de same utfordringane når det gjeld ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet. På grunn av mange fellestrekk har kommunane i Nord-Gudbrandsdalen (Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja) gått saman og laga ein felles strategiplan. Eksisterande Strategiplan er frå 2020 og gjeld til og med 2023. Denne planen skal nå rullerast. Ny plan skal gjelde i perioden 2024 til og med 2027.

1.4 SLIK GIKK VI FRAM FOR Å LAGE STRATEGIPLANEN FOR NORD-GUDBRANDSDALEN

Med bakgrunn i en allereie eksisterande felles SMIL-strategiplan for Nord-Gudbrandsdalen og like utfordringar så bestemte landbrukskontorene at dei ville fortsette med å ha en felles SMIL-strategiplan. Landbrukskontorene arrangerte fleire møter der m.a. praksis med bruk av SMIL-midlene i den enkelte kommune var tema. Det vart fort klart at vi gjer mykje likt med tanke på prioriteringar og utmåling, men også at vi har noko ulik praksis. Det var semje om å prøve å få ein mer lik praksis ved forvaltning av SMIL-midlane. Det vart utarbeida prioriteringsliste og retningslinjer. Disse står i strategiplanen.

Endringane har vore på høyring i faglaga i dei 6 kommunane. Planen vart vidare sendt til Statsforvaltaren for attendemelding. Til slutt vart planen lagt fram til politisk behandling og vedteke i den enkelte kommune.

2. LOKALE MILJØUTFORDRINGAR I NORD-GUDBRANDSDALEN

2.1 PRODUKSJONEN I NORD-GUDBRANDSDALEN ER TILPASSA UTMARKSRESSURSANE

Nord-Gudbrandsdalen er ein typisk fjellregion med dyrka mark frå dalbotnen og opp mot 1000 m.o.h. Husdyrhald, i hovudsak storfe og sau er dominerande i regionen. I deler av regionen er også kornproduksjon og svinehold viktige produksjonar. I regionen er det store beiteressursar og det er framleis mange aktive setrer. Utmarksbeiting er en viktig ressurs for produsentane i regionen og den blir brukt i stort omfang. Om lag 63.000 sau/lam, 10.000 storfe og 2.000 geit blir årleg sleppt på utmarksbeite.

Dei seinare åra har styringsmaktene styrt i retning av større og dermed færre bruk. Som fylgje av dette og den teknologiske utviklinga så har landbruket gjennomgått ei omfattande omstilling. Dette har ført til store endringar i bruk av både innmarks- og utmarksressursar. Dette har også fått følger for seterdrifta i Nord-Gudbrandsdal. Sætring har lange tradisjonar i vårt område. Det blir derfor viktig å arbeide for å oppretthalde seterdrifta i framtida.

2.2 LANDSKAPET ER I FORANDRING

Nord-Gudbrandsdal har mykje areal med gamal og artsrik kulturmark. Mykje av areala er kartlagt og registrert. Slike areal kan ha rett på tilskot gjennom RMP-ordninga. Beitetrykk er ofte ikkje tilstrekkeleg for å halde nede vegetasjonen knytt til desse områda. Areal må ofte ryddast manuelt. Dette er eit tidkrevjande og tungt arbeid. Tiltak med rydding av beite har tidlegare vore støtta gjennom SMIL-ordninga. Dette har vore vellykka og vi haustar i dag nytten av dette. Dette er ei ordning som det er ønskjeleg å fortsette med.

Det er ikkje berre landskapet som er i forandring. Klima er også i endring. Variasjonane i været blir større. I Nord-Gudbrandsdalen har vi dei siste åra både opplevd både ekstrem tørke og våte periodar på sommaren, og skifte mellom kalde og milde periodar på vinteren. Dette gjev nye utfordringar knytt til landbruksdrift.

2.3 EIT OMRÅDE KJEND FOR FREDA OG VERNEVERDIGE BYGNINGAR OG FERDSLSVEGAR

Nord-Gudbrandsdal er kjent for sine mange freda og verneverdige bygningar og gardstun. Ca. 400 vedtaksfreda bygningar finnes her. Dei utgjer om lag 20 % av alle freda bygningar i landet. I tillegg er over 7000 bygningar i Nord-Gudbrandsdal SEFRAK-registrert. Registeret omfattar i hovudsak bygningar som er bygd før 1900. Disse bygningane representerer en trearkitektur som spesiell både nasjonalt og internasjonalt.



Bevaring av gamle bygningar er både arbeidskrevjande og kostbart. Kostnadene knytt til handverkarar og bygningsmateriale har auka mykje dei seinare åra. Dei som ønskjer å restaurere gamle bygg blir derfor møtt med langt større kostnader knytt til prosjekta enn tidlegare. Det blir utfordrande å oppretthalde den gamle bygningsmassen i framtida. Samtidig med moderniseringa blir også dei eldre bygningane i mindre grad nytta i den daglege drifta.

Det finnes også mange gamle ferdselsveggar og stiger i dalbotnen og i fjellområda i regionen. Mange av desse blir halde i hevd i samband med tilsyn og bruk av beiteområda. Det har også vorte meir populært å holde dei i hevd til fritidsbruk. Landskapet er prega av gjengroing. Dei gamle ferdselsvegane får derfor mindre bruks- og opplevingsverdi. Kartfesting, merking, rydding og bruk er difor viktig for å bevare bruksverdien og andre kulturhistoriske verdiar knytt til dei gamle ferdselsvegane og stigane.

2.4 UTFORDRINGAR KNYTT TIL DRIFTSOPPLEGG OG INFRASTRUKTUR

Klimaendringar har kome tydelgare fram dei siste åra og det er eit aukande behov for utbetring av hydrotekniske anlegg pga skadar eller underdimensjonering for å førebygge erosjon av jordbruksareal. Tiltak er aktuelle på jordbruksareal og/eller i vassløp. Avskjeringsgrøfter for å redusere erosjon og arealavrenning kan vera av ein del av tiltaket om det ikkje er ein del av eit større dreneringsarbeid. Vanleg grøfting/drenering fell utanfor forskrifta sitt føremål

Rundballar er ein vesentleg del av infrastrukturen på gardsbruka i Nord-Gudbrandsdalen. Rundballar på avvege har vore eit aukande problem dei seinare åra. Ein ser at det er behov for etablering av permanente lagringsplassar for rundballar som er sikra mot blant anna flom for å unngå dette. Vidare er rundballeplast ei utfordring for miljøet, både gjennom plastforureining av naturen og rein visuell forureining. Det er ofte langt til miljøstasjonar og lite hensiktsmessige ordningar for oppbevaring av store mengder plast i lengre periodar. Landbrukskontora ynskjer å sette fokus på kontroll av landbruksplast og unngå plast på avvege

Det har blitt meir aktuelt med ei driftsopplegg som inkluderer utegåande beitedyr gjennom større delar av året. Med dette kjem ei utfordring med avrenning av husdyrgjødsel. Det kan gjevast tilskot til tiltak med tilknyting til eksisterande driftsbygning eller driftsopplegg.

3. OVERSIKT OVER KVA SOM PRIORITERAST I NORD-GUDBRANDSDALEN

Tabellane nedanfor viser kva som i planperioden er prioritert i Nord-Gudbrandsdalen.

PRIORITERTE TILTAK	
OMRÅDE	TILTAK
Kulturlandskap Ref. 4.2	✓ Tilskot til rydding og inngjerding av gamal kulturmark som skal brukast til beite. ✓ Tilskot til rydding av stigar og gamle ferdselsveggar i jordbrukslandskapet ✓ Fjerning av gamal piggtråd og trådgjerde ✓ Tilskot i seterlandskap skal prioriterast
Kulturminne og kulturmiljø Ref. 4.3	✓ Tilskot til restaurering av verneverdige bygningar og kulturminne. ✓ Tilskot i setermiljø skal prioriterast
Andre tiltak Ref. 4.4. og 4.5	✓ Utbetring av hydrotekniske anlegg for å hindre avrenning og førebygge erosjon av jordbruksareal ✓ Tilskot for å hindre avrenning og redusere trakkaskader i utekveer og samleplassar for beitedyr knytt til eksisterande driftsopplegg. ✓ Tilskot til etablering av permanente lagringsplassar for rundballar. ✓ Tilskot til etablering av fangdam for å hindre tilførsel av næringsstoff og jord til vassdraga i enkelte områder. ✓ Tilskot til innkjøp av emballasjepresse

4. RETNINGSLINJER FOR SMIL-MIDLANE I NORD-GUDBRANDSDAL

4.1 GENERELLE KRAV

A: KRAV TIL SØKAREN

Den som eig eller leiger ein landbrukseigedom der det går føre seg jordbruksproduksjon med tilskotsrett, kan søkje tilskot. Den som leiger, må ha godkjenning frå eigaren. Privatpersonar og føretak kan søkje om tilskot

B: SØKNADSBEHANDLING

Søknad skjer elektronisk via Altinn. Vedtak om tildeling av tilskot blir gjort i gjeldande kommune. Kommunen vurderer kvar enkelt sak og gjennomfører synfaring ved behov. Vedtak fatta av kommunen kan klagast inn til Statsforvaltaren, jamfør forvaltningslova.

C: SØKNADSRIST

Det er ikkje lagt opp til felles søknadsfrist. Kommunane praktiserer dette ulikt. Enkelte kommunar handsamar sakene etter kvart som dei kjem inn, medan andre opererer med søknadsomgangar. Kommunane ønskjer å fortsette å ha ulik praksis. Søker kan kontakte landbrukskontoret for å få kunnskap om kommunen sin praksis vedrørende søknadsfrist. Informasjon om SMIL-ordninga og den enkelte kommune sin søknadsfrist, skal ligge på kommunen si heimeside.

D: KRAV TIL KOSTNADSOVERSLAG, OG FINANSIERINGSPLAN

For alle tiltak må det lagast et kostnadsoverslag, KO og en finansieringsplan. Kommunane vurderer kostnadsoverslaga og godkjenner disse. Tilskot bereknast i hovudsak med grunnlag av godkjent kostnadsoverslag eksklusiv meirverdiavgift. Unntak frå dette er ordningar som har faste satsar, slik som eksempelvis rydding, inngjerding eller fjerning av gammalt gjerde. Rett til mva-frådrag skal opplysast av søkjaren ved søknad. Ved verdsetting av eigeninnsats skal dette samordnast med tilskot til tiltak i beiteområde.

Det stillast krav om godkjent timeliste for eige arbeid.

Eige arbeid	350 kr/t
Bruk av traktor	850 kr/t
Gravemaskin	850 kr/t

E: BRUK AV FLEIRE TILSKOTSORDNINGAR

Ved bruk av fleire tilskotsordningar til same tiltak skal den totale tilskotsprosenten normalt ikkje overstige 50 %. Dersom det etter vedtak viser seg at den samla tilskotsprosenten til eit enkelt vedtak overstig 50 % vil SMIL-tilskotet kunne reduserast tilsvarande ved utbetaling.

F: SATSAR FOR TILSKOT OG TILSKOTSPROSENT

Vanlig tilskotsprosent er avgrensa til inntil 35 % basert på godkjent kostnadsoverslag.

G: ARBEIDSRIST

Vanlig arbeidsfrist for SMIL-tiltak er 3 år. Arbeidsfristen kan forlengast inntil 2 år etter skriftleg søknad til kommunen.

H: UTBETALING OG KRAV TIL REKNESKAP

Utbetalingsførespurnad skal sendast inn via Altinn. Det krevst skriftleg utbetalingsførespurnad frå søkjar for at utbetaling av tilskot kan skje. Utbetalingsførespurnaden skal innehalde dokumentasjon på kostnader. Kostnadane kan knytast til både eigeninnsats og faktiske kostnader.

Det kan utbetalast delutbetalingar av tilskotet lik tilsvarande del av tiltaket som er gjennomført. Delutbetalinga kan maksimalt utgjere 75 % av det totale tilskotet. For delutbetaling stillast like krav til dokumentasjon på kostnader som ved ei sluttutbetaling.

Kommunane gjennomfører sluttsynfaring ved behov. Kommunen kan stille krav om bildedokumentasjon der det er hensiktsmessig.

I: ANDRE KRAV

Det stillast vilkår om at området i og omkring tiltaket blir halde rydding og at landbruksskrot blir transportert til godkjent lagringsplass. Det stilles også krav om at ved funn av automatisk freda kulturminne plikter tiltakshavar å varsle kulturminnemyndigheit og stoppe arbeidet inntil saken er avklara.

4.2 SPESIELLE KRAV TIL RYDDING AV BEITE OG GJERDING

Det kan gjevast tilskot til gjennomføring av tiltak som i varetek natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet og tiltak som i varetek biologisk mangfald og gammal kulturmark. Aktuelle tiltak kan vere etablering, restaurering, utbetring og skjøtsel av område og landskapselement som bidreg til å utvikle og ivareta leveområde og spreingsveggar for planter og dyr, istandsetting og skjøtsel gjennom beiting, brenning, slått, styving eller anna form for hausting av gammal kulturmark. Ved prioritering av tiltak blir det omsyn teke behov for tiltak og forventa effekt.

Etablering av beite på areal som ikkje kan godkjennast som gamal kulturmark, til dømes produktive skogareal og utmark, er ikkje eit SMIL-tiltak. Slike tiltak kan vurderast som aktuelle innanfor "Tiltak i beiteområde". Tilskot til rydding av beite kan berre gjevast til areal som er rydda tilstrekkeleg slik at minst 50 % av arealet er eller vil bli grasdekt. Etter avslutta rydding skal området være i drift med tilstrekkeleg beitedyr i minst 5 år. Nytt innmarksbeite skal inngjerdest før tilskot vært utbetalt. Det kan ikkje gjevast tilsegn om SMIL-midlar til rydding av vegetasjon og inngjerding på innmarksbeite som det blir søkt produksjonstilskot på.

SØKNAD OM TILSKOT TIL RYDDING AV BEITE OG TIL GJERDING SKAL INNEHALDE:

- Kart over området som viser areal skal ryddast eller plassering/riving av gjerde. Ved tilskot til oppsetting av nytt gjerde er det krav det at det gamle gjerde skal fjernast.
- Beskrive vegetasjonen på arealet som skal ryddast og korleis det skal gjennomførast.

UTMÅLING AV TILSKOT:

- Tilskot til rydding av nytt beite: Fast sats 1500 kr/daa, avgrensa til kr 50 000 pr. tiltak.
- Tilskot til inngjerding av nytt beite: 30 kr pr. meter avgrensa til 1000 meter.
- Tilskot til permanent straumgjerde på nytt beite, inkl. straumapparat: kr 15 kr/m avgrensa til 2000 m.
- Andre tiltak som ikkje går fram av prioriteringslista, men som det likevel kan være kan være viktig å gje støtte til: Avgrensa til 35% av godkjent kostnadsoverslag eller kr. 30.000 pr. tiltak.

4.3 SPESIELLE KRAV TIL FJERNING AV PIGGTRÅD OG GAMALT TRÅDGJERDE

Piggtråd og gammalt trådgjerde utgjere ei fare for ville dyr, husdyr og menneskeleg ferdsel. Å halde det ryddig og sikkert for folk og dyr er ein viktig miljøfaktor. Det blir gjeve tilskot per fjerna meter eller timar brukt til rydding. Timesats er aktuelt ved spesielt vanskelege og/eller utilgjengelege plassar. Det blir ikkje gjeve kr pr. meter og timesats for same tiltak. Materiale skal leverast til miljøstasjonane mot kvittering frå NGR.

SØKNAD OM TILSKOT TIL FJERNING AV PIGGTRÅD OG GAMALT TRÅDGJERDE SKAL INNEHALDE:

- Kart over plassering av piggtråd/trådgjerde
- Bilete av piggtråden/gjerdet før det er fjerna

UTMÅLING AV TILSKOT

- Tilskot kr 20 pr. meter fjerna piggråd/trådgjerde, evt 350 kr/t i spesielt vanskeleg terreng/område



4.4 SPESIELLE KRAV TIL RESTAURERING AV VERNEVERDIGE BYGNINGAR

Verneverdige bygningar skal restaurerast etter antikvarisk prinsipp. I dette ligger det at utsjåande skal endrast så lite som mogleg med mål om å bevare mest mogleg av opphavelge bygningselement. Ved restaurering er det ønskje om reparasjonar framfor helt utskifting av bygningsmateriale. Bruk av materiale, teknikkar og farger skal være mest mogleg lik det opphavelge. Ved tildeling av tilskot er det tiltaka som har som formål å bevare den opphavelge bygningen som er grunnlag for tilskotet som blir gitt. Dert blir ikkje gjeve tilskot til oppgraderingar eller nybygg som fell utanom formålet med å bevare bygget. Tilskot til restaurering av tak oppført etter antikvarisk prinsipp blir vidareført.

SØKNAD OM TILSKOT TIL RESTAURERING AV VERNEVERDIGE BYGNINGAR SKAL INNEHALDE:

- Kart over området som viser plassering av bygningen.
 - Løyve om tekniske tiltak.
 - Dokumentasjon som vise tilstand på bygning. Rapporten skal også innehalde oppstilling av kva tiltak som er planlagt og korleis dette skal gjennomførast. Opplysningar om framtidig bruk.
- Generelle krav om kostnadsoverslag og finansieringsplan.

UTMÅLING AV TILSKOT:

- Tilskot til seterhus : Avgrensa til 20% av godkjent KO.
- Tilskot til utlør, stabbur, hus som ikkje lenger er i dagleg bruk: Avgrensa til 35% av godkjent KO.
- Alle tilskot til restaurering av bygningar, avgrensa til kr 200.000 pr. bygning.

4.5 SPESIELLE KRAV TIL TILTAK FOR Å HINDRE AVRENNING

Tap av næringsstoff kan reduserast ved førebyggjande tiltak som går utover ordinær gardsdrift og vedlikehald. Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg syner seg nødvendig som fylgje av klimaendringar for å hindre avrenning til og førebygge erosjon av jordbruksareal. Behovet for utbetring kan skuldast skadar eller underdimensjonering. Etablering av fangdammar er eit viktig og nødvendig tiltak for å hindre tilførsel av fosfor og jord til vassdraga i mange områder.

Å hindre eller redusere avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplassar for beitedyr knytt til eksisterande driftsopplegg er eit nødvendig tiltak. Det gjerast merksam på at det ikkje er etablering av utekveer eller samleplassar som er tilskotsberettiga, men tiltak som hindrar eller reduserer avrenning. Ved oppstart/nyetablering er det ein føresetnad at nødvendige miljøomsyn blir teke i vare.

SØKNAD OM TILSKOT TIL TILTAK FOR Å HINDRE AVRENNING SKAL INNEHALDE:

- Kart over området som viser plassering av tiltaket og tilstand i området.
- Løyve om tekniske tiltak frå kommunen
- Dokumentasjon som vise kva tiltak som er planlagt og korleis dette skal gjennomførast.
- Opplysningar om framtidig bruk og vedlikehald
- Generelle krav om kostnadsoverslag og finansieringsplan.

UTMÅLING AV TILSKOT:

- Tilskot for å hindre eller redusere avrenning knytt til utekveer og samleplassar for beitedyr , avgrensa til 35% av godkjent kostnadsoverslag eller kr 30.000 pr. tiltak.
- Tilskot for å hindre avrenning eller førebygge erosjon av jordbruksareal gjennom utbetring eller supplering av hydrotekniske anlegg, avgrensa til til 35% av godkjent kostnadsoverslag eller kr 30.000 pr. tiltak.
- Tilskot til etablering av lagerplassar for rundballar m.m., avgrensa til 35% av godkjent kostnadsoverslag eller kr 30.000 pr. tiltak.
- Tilskot til etablering av fangdam, avgrensa til 35% av godkjent kostnadsoverslag eller kr 30.000 pr. tiltak.

4.6 SPESIELLE KRAV TIL FORUREININGSTILTAK

Forureining av rundballeplast er ei stor utfordring i landbruket. Med emballasjepresse kan platen frå 50-60 rundballar bli til ein 80 kilos firkant. På denne måten tek platen mykje mindre plass, og ein unngår lagring i lause haugar. Ved prioritering av tiltak blir det omsyn teke behov for tiltak og forventet effekt.

SØKNAD OM TILSKOT TIL TILTAK FOR Å HINDRE FORUREINING MED RUNDBALLEPLAST SKAL INNEHALDE:

- Kart over området med plassering av tiltaket
- Beskriving av omfang av bruk

UTMÅLING AV TILSKOT:

- Tilskot til innkjøp av emballasjepresse, avgrensa til 35 % eller kr 20.000



Lesja kommune

www.lesja.kommune.no

Dovre kommune

www.dovre.kommune.no

Sel kommune

www.sel.kommune.no

Vågå kommune

www.vaga.kommune.no

Lom kommune

www.lom.kommune.no

Skjåk kommune

www.skjaak.kommune.no

